

Saksprotokoll i fylkestinget - 03. og 04.10.2017

Følgjande stilte spørsmål om dei var inhabile:

- Nils Marton Aadland (H) er styreleiar i Museumssenteret Hordaland
- Aud Karin Oen (SV) er styremedlem i Museum Vest
- Benthe Bondhus (Sp) er styremedlem i Baroniet Rosendal
- Åse Gunn Husebø (A) er varamedlem i styret for Kystmuseet i Øygarden, som er ein del av Museum Vest og har møtt i styret
- Jon Askeland (Sp) er varamedlem i styret for Museumssenteret Hordaland og har møtt i styret
- Gustav Bahus (H) er styreleiar i Hordamuséet
- May Eva Sandvik (H) er varamedlem i styret for Sunnhordland Museum og har møtt i styret

Aadland, Oen, Bondhus, Husebø, Askeland, Bahus og Sandvik gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabile.

Det var 48 representantar til stades.

Røysting (spørsmål om inhabilitet)

Fylkestinget vedtok samrøystes at Nils Marton Aadland, Aud Karin Oen, Benthe Bondhus, Åse Gunn Husebø og Jon Askeland var inhabile, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Fylkestinget vedtok samrøystes at Gustav Bahus ikkje var inhabil fordi Hordamuséet ikkje er part i saka, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Gustav Bahus tiltredde saksbehandlinga.

Røysting

Det var 46 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Fylkestinget tek Agderforskning sin rapport *Evaluering av museumsreformen i Hordaland* til vitande.
2. Fylkestinget ser at musea i Hordaland har nådd mange av måla for reforma, og merker seg at den regionale satsinga på fellestenester kjem positivt ut.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge fram forslag til tiltak som grunnlag for politikktutforming og satsing i åra 2019-2025. Fylkestinget ber fylkesrådmannen ha særleg fokus på organisering og på korleis ein kan styrka friviljugheita etter konsolideringa. Dette må gjerast i samarbeid med musea og representantar frå utvalde kommunar.
4. Fylkestinget ber musea ta evalueringa opp til handsaming som grunnlag for vurdering av ytterlegare konsolideringar.